

ÅRSPLAN



2025/2026

SIRLIHAUGEN BARNEHAGE

INNHALDSLISTE

Innleiing	Side 2
Styrande organ i barnehagen	side 3
Personalet	side 4
Språk og kommunikasjon	side 5
Livsmestring og helse	side 5
Det sjølvstendige barnet	side 6
Autoritative vaksne- Sosial kompetanse	side 6
Forteljarsongar	side 7
Felles aktivitetar	side 7
Årshjul	Side 8
Nasse Nøff	Side 9
Ole Brum	Side 13
Tigergutt	Side 17
Heffalompklubb	Side 21
Plan for førskulegruppene	Side 22
Saman i barnehagen	Side 23

INNLEIING

Då er vi godt inne i eit nytt barnehage år, og håper alle har funne seg til rette på nye avdelingar, og som ny i barnehagen.

Lov om barnehagar og rammeplan for barnehagen styrer arbeidet vårt. Vi har også ein lokal rammeplan for Herøy kommune som vi styrer etter. Ut i frå desse har vi utarbeidd ein verksemdsplan som gjeld det overordna arbeidet i barnehagen, den vert revidert kvart 4.år

Kvart år lagar vi ein felles årsplan på huset, og denne er i lag med verksemdsplanen arbeidsreiskapen til dei vaksne samtidig som det er utgangspunkt for samarbeidet med foreldra. Planen er lagt opp slik at der er ein liten felles del fyrst, og så har kvar avdeling sin del med korleis dei vil jobbe dette året

Vi har eit stabilt personale som har mange års erfaring. Vi trivast godt i lag, og har eit godt arbeidsmiljø noko som eg trur er med på å heve kvaliteten.

Det er viktig for oss at barnehagen er ein god plass å være både for store og små. Alle skal føle seg sett og høyrte, og være ein del av eit fellesskap, og det skal følast trygt for både barn og foreldre.

No håper vi på eit kjekt og lærerikt år for alle saman der vi kan leve opp til visjonen vår:

«Sirlihaugen barnehage, ein trygg god start»

Bodil Karin Kvalsund

-dagleg leiar-



STYRANDE ORGAN I SIRLIHAUGEN

Kontaktinformasjon:

Telefon Sirlihaugen barnehage : 70088416

Dagleg leiar: Bodil Karin Kvalsund, e-post: styrar@sirlihaugen.no

Dagleg leiar: 40408202 / 97777836

Tigergutt: tlf.: 40408212 e-post: tigergutt@sirlihaugen.no

Ole Brum: tlf.: 40408210 e-post: olebrum@sirlihaugen.no

Nasse Nøff: tlf.: 40408205 e-post: nassenoff@sirlihaugen.no

Styret i samvirkelaget:

Leiar: Morten Krûger Gusdal

Nestleiar: Lill Signe Sørheller

Sekretær: Liva Christin Notøy

Styremedlem: Erik Mogstad

Representant fagforbundet: Carmen Salvatierra

Representant utdanningsforbundet: Birte Skorpen Skår

Samarbeidsutvalet

Thea Kvamme Slettestøl, leiar

Maria Salvatierra Kvalsvik, nestleiar

Lone Seljeset

Katrine Drabløs

Vara: Ida Karoline Sævik

Rita Henrikke Remøyholm, personalrepresentant

Mariann Leine, personalrepresentant

Bodil Karin Kvalsund, sekretær

Dugnadsstyret

Trym Karstensen Vågsholm

Evaldas Grieze

Nils Jørgen Ringset

Magnus Salvatierra Kvalsvik

Daniel Slettevoll

PERSONALE I SIRLIHAUGEN BARNEHAGEÅRET 2025/2026

TIGERGUTT	OLE BRUM
Anett Myklebust Husøy - Pedagogisk leiar:	Silje Oksholen Gjølseth - Pedagogisk leiar
Mariann Leine - Pedagogisk leiar	Birte Skorpen Skår - Pedagogisk leiar
May Britt Sætre Leikanger - Fagarbeidar	Gunn Stenersen Lied -Assistent
Marte Kopperstad -Fagarbeidar:	Ingvild Alise Leine Hareide -Fagarbeidar:
Pia Voldsund - Assistent:	Elin Kvalsvik Fagerlund -Assistent:
Ann Kristin Jøsok - Assistent:	

NASSE NØFF	ANNA PERSONALE
Thea Kvalsund Taklo - Pedagogisk leiar	Bodil Karin Kvalsund- dagleg leiar
Rebecca V. Myklebusthaug- Pedagogisk leiar	Denisa Moravcikova – reinhaldar
Rita Henrikke Remøyholm -Fagarbeidar:	
Iren Leikanger- Assistent	Joshua Almestad - vikar
Carmen Salvatierra - Assistent	Lillian Kvalsvik – vikar
	Malin Kvalsund - vikar

Små og store ting

Små føtter trår på jordens sti,
ser alt vi store gikk forbi.
De ler og spør om alt de ser,
og lærer verden, bit for bit, mer og mer.

De løfter blikket mot himmel blå,
ser skyer danse og fugler gå.
De kjenner vinden, smaker regn,
og finner glede i hver en stein.

Et lite hjerte banker lett,
for alt som finnes, alt som er sett.
De vokser sakte, dag for dag,
og verden svarer – mykt og vag.

Så la dem undre, la dem tro,
la små hender få tid til ro.
For i hvert smil og hvert et blikk,
bor livets under – stort og rikt.



SPRÅK OG KOMMUNIKASJON.

Språk, tekst og kommunikasjon er eit av fagområda i rammeplanen og det står ein del om det i verksemdsplanen. Vi har teke del i kompetanseløft innan språk og siste åra har vi jobba med Alternativ og supplerande kommunikasjon (ASK) (*Sjå meir om det i verksemdsplanen side 25*)

I barnehagen er språk og kommunikasjon en naturlig del av kvardagen. Vi legg vekt på å skape et rikt språkmiljø der barna får oppleve glede ved å bruke språket, både i lek, samspel og læring. Gjennom samtalar, høgtlesing, songar, rim og regler får barna erfaringar som styrkar ordforråd, begrepsforståinga og evna til å uttrykke seg.

Lesing er viktig for språkutviklinga, vi har bøker lett tilgjengeleg slik at barna kan initiativ til det.

Det har vorte utarbeidd ein felles plan for førskulegruppene når det gjeld språk og kommunikasjon, uavhengig av kva barnehage dei går i. Den skal implementerast dette barnehageåret, tanken er at den skal knyte saman satsinga frå barnehage og skule.



LIVSMESTRING OG HELSE

Satsingsområdet for dei neste 4 åra i Herøybarnehagane er Livsmestring og helse. Livsmestring i barnehagen handlar fyrst og fremst om å bidra til at barna utviklar eit positivt sjølvbilde gjennom å oppleve meistring. (*Sjå meir i verksemdsplanen side 9*)

Vi skal støtte barna i å meistre motgang, handtere utfordringar og verte kjend med egne og andre sine følelsar. Livet går ikkje alltid på skinner og det å handtere motgang er ein viktig del av livet. Både positive og negative følelsar er viktige for barna si utvikling. Vi må lære borna å takle motgang, og dei må takle at ikkje alt handlar om dei.

Personalet vil delta i den kompetansehevinga som vert lagt opp til i frå kommuna si side og i tillegg vil vi nytte programmet « Livet og sånn» på personalmøte. Dette er eit program utarbeidd av Ålesund kommune og det rettar seg både mot foreldre og mot tilsette i barnehage og skule. Målet er å bidra til å styrke fysisk og psykisk helse, skape trygt og godt miljø og forhindre mobbing. Då er det avgjerande at vi jobbar i lag. Gå gjerne inn på nettsida og sjå, der er enkle filma med tips og råd. www.livetogsann.no.


DET SJØLVSTENDIGE BARNET

Det å klare sjølv og å øve seg på det er ganske viktig i eit barns liv. Vi har vel alle høyrte strofa: «*Ej klara sjøl*» men i farta fell vi ofte for freistinga til å hjelpe barnet for mykje, det kan føre til at barna trur at dei ikkje kan få det til, og dei får ikkje kjenne på den gode kjensla av meistring. Når vi vaksne legg til rette for at barna får lov til å prøve å gjere noko sjølv, ved å rettleie og støtte undervegs kan det bidra til meistringskjensle og glede, noko som igjen gir auka sjølvtrillit og et positivt sjølvbilde. Barn har ein indre motivasjon for å lære, og sjølv om alle er ulike så har dei behov for å gjere den same handlinga om igjen fleire gongar for å meistre den betre.

Rammeplanen seier: «*Barnehagen skal bidra til at barn kan få oppleve glede og meistring i sosiale og kulturelle fellesskap*» Vidare seier den at «*Barn skal få støtte til å meistre motgang og handtere utfordringar*»



AUTORITATIVE VAKSNE – SOSIAL KOMPETANSE



Sirlihaugen barnehage vil vere prege av vaksne som er autoritative. Det vil seie at vi vil vere varme og tydelege vaksne som set grenser på ein positiv måte, og skaper eit godt miljø. Dette er eit viktig prinsipp i programmet «*Være sammen*» Dette programmet er ei hjelp i arbeidet med sosial kompetanse. Sosial kompetanse er noko som må lærast og det lærer vi i samspel med andre. Det står meir om det i verksemdsplanen vår. Dette er noko vi jobbar med kvar dag, og det viktigaste vi kan lære barna er å samhandle med andre.

Løveloven

«*Kan du løveloven?*»

Jeg skal være meg, men gi plass til andre slik at de blir seg

Bry meg om en annen, hjelpe når jeg kan.

Slik blir livet bedre for barn i alle land.

Ser du en som plages? Det er ikke bra!

Alle må stå sammen om å si i fra.

Alle barn på jorden har den samme rett

Til å være trygge og til å være sett»

FORTELIJARSONGAR

Forteljarsongane til Alf Prøysen og Torbjørn Egner er ein viktig del av norsk kulturarv, og dei eignar seg godt i barnehagen. Songane er små forteljingar som kombinerer musikk, språk og lek på ein måte som gir barna både glede og læring. Dette er songar som kanskje har gått litt i gløymeboka, og som vi har lyst å plukke fram igjen.

Forteljarsongane til Prøysen og Egner gjer det mogleg å kombinere musikk, litteratur og lek, og er eit verdifullt pedagogisk verktøy i barnehagen. Her gir vi barna opplevingar av fellesskap gjennom song og musikk, og dei får utvikla språk og ordforråd.



FELLES AKTIVITETAR

Sirlihaugen barnehage består av tre ulike avdelingar, Tigergutt som har dei eldste barna, Ole Brum der dei mellomste barna går og Nasse Nøff der dei aller minste går. Avdelingane må jobbe på ulike måtar fordi behova er forskjellige. Men vi har også eit sterkt ynskje om å jobbe for fellesskapet. Vi vil at barna skal kjenne seg trygge på tvers av avdelingane, og at dei skal få verte kjent med dei andre barna og vaksne «på huset». Vi vil vere med å skape felles opplevingar for alle, og har derfor organisert ulike områder der fellesskap og glede står i fokus:

- **Korøving:**


- Kvar fredag (av og til torsdag) møtast vi på kjøkkenet til korøving. Her får barna oppleve gleda av å synge i lag i eit trygt og inkluderande fellesskap. Song og musikk er ein viktig del av barnehagen sitt kulturelle uttrykk, og bidreg til å styrke barna sitt språk, identitet og sosiale kompetanse. Korøvingane startar 09.00 for dei som er komen, og varer ca. 20 minutt.



- **Fellessamling**

- Det er alltid kjekt å møtast til samling på tvers av huset, og tema på fellessamlingane i år vil vere songen som står på planen denne månaden. Då har kvar avdeling ansvaret etter tur, og vel sjølv korleis dei vil presentere songen.
- Vi vil også ha fellessamlingar i forbindelse med høgtidene.

ÅRSHJUL






Avdeling Nasse Nøff 0-3 år

Barnehagen sin visjon «Ein trygg god start» er på mange måtar beskrivande for denne avdelinga. Her møter dei alle fleste «Sirlilhaugborna» barnehagelivet for første gong, og mange førstegongsaktiviteter skjer her. Prosessane er viktige; startane, kjennskapen, utforskinga, kreativiteten og sjølvstøtt tryggheta.

Det alle viktigaste på småbarnsavdelinga er å dekke primærbehova til borna. Å få mat, stell, søvn, og mykje omsorg og kjærleik. Tilvenning og tilknytning er viktig, både i starten av barnehageåret, men også resten av året. Det å vinne tilliten til borna, og å bygge gode relasjonar til dei må jobbast med kontinuerleg. Vi må møte borna der dei er, vere nær og til stades. Vi vaksne skal i hovudsak vere på golvet ilag med borna, for å sjå kvart enkelt born og oppmuntre, hjelpe og støtte. Vi skal vere tilgjengelege med eit fang til kvile, kos og trøyst.



Trygghets sirkelen illustrerer godt korleis vi vaksne vil skape ei trygg base og hamn for borna. Ei base som dei kan kome til for å «ladde»; få trøyst, hjelp til sjølvregulering og støtte til å utforske verda vidare.

I møte med borna, vil vi i personalet streve etter å vere **autoritative vaksne**. Ein voksenstil som inneber ein kombinasjon mellom det å vere varme, men også ha tydelege grenser i møte med borna. Dette gjer at borna igjen opplever oss som forutsigbare og trygge.

Dagsrytma vår:

- (06 45) 07 00 Barnehagen opnar
- 07.00– 08.30 Frukost
- 09 15 Ryddetid, samling , påkledning og uteleik
- 11 00 Bleieskift og handvask
- 11 15 Lunsj
- 11 45 Legging
- 14 00 Ettermiddagsmåltid
Bleieskift
Leik inne eller ute
- 17 00 Barnehagen stenger





Song og musikk engasjerer dei aller fleste barn, og dette er noko vi legg stor vekt på. Vi syng både spontant i kvardagen, i planlagde songstunder og på kor. Borna dansar med, klappar, kjenner igjen songar, gjer bevegelsar med hendene og syng etter kvart med.

Mål:

- Bli kjent med, og kjenne igjen enkle barnesongar.
- Oppleve glede og fellesskap gjennom song og dans.
- Introdusere og bruke enkle rytmeinstrument i lek og samlingar.

Eksperimentering med maling og ulike formingsaktiviteter, lek med vatn og enkle hinderløyper er aktivitetar som vi har stor glede av på Nasse Nøff. Vi vektlegg prosessen framfor produktet – at barna skal få prøve, undersøkje, kjenne, sanse og erfare.

Mål:

- Barna skal få erfaring med ulike formingsmateriell. I hovudsak maling, men også lim og papir.
- Barna skal få oppleve glede og utforsking gjennom vannleik, såpebobler og andre sanseaktivitetar.
- Barna skal få utforske og oppleve meistring i ulike fysiske aktivitetar – som enkelt ulendt terreng, enkle hinderløyper og leikeapparata ute.



Sosial kompetanse er eit gjennomgåande tema også på Nasse Nøff. Vi ynskjer å hjelpe barna med å forstå og mestre det sosiale samspelet. Vi vil oppmuntre barna til å vise empati - å vere gode med kvarandre, trøyste, dele og hjelpe kvarandre. Vi legg og vekt på kjensler – å kjenne att eigne og andre sine kjensler, og å finne måtar å handtere dei på. Vi ynskjer å anerkjenne og løfte fram positive handlingar hjå barna, og oppmuntrar dei til å vise omsorg og hjelpsomheit mot kvarandre. I situasjonar der det oppstår usemje, støttar vi barna i å finne gode løysingar saman, og vi vaksne prøver å vere gode rollemodellar gjennom måten vi sjølv møter andre på.

Vi skal også bruke deler av «Være Sammen». Vi skal verte kjent med Regnbueløva som vil at alle skal ha det bra, og som oppmuntrar oss til å dele og hjelpe. Vi skal nytte oss av bøkene som går på følelsar og ikkje minst bruke songane frå opplegget, spesielt «*Løvelova*» og «*Når jeg er glad*».

Mål:

- Vi skal verte kjent med Regnbueløva.
- Barna skal oppleve glede ved å vere ein del av eit fellesskap
- Dei vaksne skal vere gode rollemodellar for borna, i det å vise og snakke om det å vere gode med kvarandre.



ASK (Alternativ og supplerande kommunikasjon) og språk:

Dette er eit satsingsområde i Herøy kommune. På Nasse Nøff legg vi stor vekt på språk og kommunikasjon, og på at alle barn skal få moglegheit til å uttrykkje seg og å bli forstått – uavhengig av kor langt dei har kome i språkutviklinga si. ASK handlar om å bruke fleire måtar å kommunisere på enn tale, til dømes teikn, symbol, bilete eller konkretar. Gjennom ASK får barna fleire uttrykksmåtar som støttar både språk og forståing. Vi nyttar mellom anna symbol – og tematavler knytt til kvardagslege aktivitetar som måltid, bleieskift, påkledning, leik og samlingsstund. Dette gir barna moglegheit til å delta aktivt i eigen kvardag. Når vi til dømes set ord og teikn på kjensler som glad, lei seg eller sint, hjelper vi barna med å forstå og uttrykkje egne kjensler.

Vi ser på ASK som eit verktøy for inkludering, der alle barn får oppleve meistring og deltaking. Gjennom å kombinere tale med symbol og teikn, styrker vi barna si forståing og evne til å delta i leik, fellesskap og læring. Kvar dag går vi gjennom dagen vår på ei dagtavle som alltid heng framme. Det er med på å gi barna ei forutsigbarheit for kva som skal skje den dagen. I kvardagen nyttar vi også teikn som vi gjer med hendene, mellom anna; ferdig, vente og mat.

Ei god **språkutvikling** er viktig for barn både på kort og lang sikt. Språk er avgjerande for læring, kommunikasjon og sosiale relasjonar. Barna kommuniserer med lyder, blick og kroppsspråk, og det er viktig at vi kan bekrefte og sette ord på det dei erfarer. Vi vaksne skal inspirere og vere bevisste på vår rolle. Det blir viktig å sette ord på handlingane i rutinesituasjonane, bruke bilde og bøker til inspirasjon og samtaler, synge og bruke rim og regler. Vi skal også fortsette med lesestunder.

Mål:

- Barna skal bli kjende med enkle symbol og teikn, og bruke dei aktivt i kvardagen.
- Barna skal få oppleve meistring og deltaking gjennom ulike kommunikasjonsformer
- Personalet skal legge til rette for eit språkstimulerande miljø, der tale, teikn, bilete og symbol er naturlege delar av kommunikasjonen



Forteljarsongar:

Fellestemaet i Sirlihaugen er i år forteljarsongar. Gjennom forteljarsongar vert musikk, språk, rytme og rørsle kombinert på ein måte som engasjerer barna og skapar fellesskap. Songane fortel små historier som barna kan leve seg inn i, og gir rom for både gjenkjenning og undring. Arbeidet med forteljarsongar er felles for heile barnehagen, og det er med på å skape eit fellesskap på tvers av avdelingane. Vi brukar gamle og tradisjonsrike forteljarsongar frå Alf Prøysen og Thorbjørn Egner.



Gjennom forteljarsongar får barna eit trygt, leikande og meningsfullt møte med språk, musikk, kultur og tradisjon. Det er også med på å styrke barna sitt ordforråd, språkforståinga og evna til å uttrykke seg på både verbalt og ikkje-verbalt. På Nasse Nøff blir songane brukte både i samlingsstunder og i leik. Vi nyttar også visuell støtte i tillegg til å høyre songane, slik at barna får ei sterkare forståing for kva songane handlar om.

Mål:

- Barna skal få oppleve glede og fellesskap gjennom å synge dei same forteljarsongane saman med andre barn og vaksne i barnehagen
- Barna skal få verte kjende med gamle og tradisjonsrike songar, og få kjensle av å vere ein del av noko som høyrer til i vår felles kulturarv
- Barna skal få utforske språk, rytme og rørsle gjennom song, forteljing og leik, og få moglegheit til å uttrykkje seg på fleire måtar.



Sjølvstendige barn:

På Nasse Nøff legg vi vekt på å støtte barna i å bli trygge og sjølvstendige i kvardagen. Allereie frå barna er små, har dei eit sterkt behov for å meistre ting på eiga hand – og vi ønskjer å gi dei moglegheit til det. Å drikke og ete sjølv, prøve å kle på seg, hente tøflane sine eller å klatre opp på stellebordet med støtte, er viktige steg på vegen mot meistring.

Gjennom å få tid, tryggleik og støtte frå vaksne, lærer barna at dei *kan* sjølv. Dette styrker sjølvstilliten, gir glede og skapar robuste barn som våger å prøve nye ting. Vi ynskjer å møte kvart barn der det er, og legge til rette for små og store meistringsopplevingar i kvardagen.

Mål: Barna skal få utfordringar som er tilpassa deira nivå, oppleve meistring og kjenne på glede av å klare ting sjølv.

Vi gler oss til eit nytt barnehageår ilag



Avdeling Ole Brum 2-4 år

På Ole Brum er det 15 barn denne hausten. 9 som er fødte i 2022 og 6 som er fødte i 2023. Saman med denne herlege gjengen er det fem vaksne.

Det skjer ei rask utvikling. Sjølvstendigheit er noko av det som er særpregar denne alderen. Dei lever med heile seg. Dei har ofte kjensler som boblar over som dei skal lære seg og handtere, dei har starta og lære seg ulike sosiale koder og skal ta omsyn til andre. Då er det viktig at barna møter vaksne som er til stades og som støttar barna i å meistre motgang og å handtere utfordringar.

Dei er små menneske med dei største personlegdommane, som trur på magi og er fantastiske å være saman med. Dei lever seg inn i det ein fortel og når vi går på tur ser dei spennande ting både her og der. Barna elsker å hjelpe til med alt vi vaksne er i gong med, og er snare å tilby ei hjelpande hand.

DAGSRYTME

Kl. (06.45)7.00- Barnehagen opnar

Kl.07.00-08.30: Frukost

Kl.9.00: Gruppedeling, aktivitetar ute/inne

Kl.10.30 Bleieskift/toalett

Kl.10.45 Samlingsstund

Kl.11.10: Lunsj

Kl.11.45: Dei som søv legg seg og dei andre har kviletid/leiker/går ut

Kl.13.50: Bleieskift/toalettbesøk

Kl.14.00: Ettermiddagsmåltid

Kl.14.30 Leik inne eller ute og henting

Kl.17.00: Barnehagen stenger



Gruppedeling

Vi har gruppedeling stort sett kvar dag på føremiddag. Det kan vere lettare å bygge gode relasjonar i mindre grupper, og det gir meir ro i barnegruppa. Mindre grupper gir også leiken betre grobott, og det gir barna ro til å fordjupe seg i det dei held på med. Det er viktig at dei vaksne er til stades i leiken, hjelper barna inni leik med andre, og utvidar leiken saman med barna.

Sjølvstendige barn:

På Ole Brum er vi opptatt av at barna skal få kjenne på at dei kan være sjølvstendige. Vi legg til rette for potte / do-trening (spør oss gjerne om råd), og at barna skal kjenne på meistringsfølelse under måltid og påkledning. For å oppnå dette krevjast det vaksne som er til stades og som kan gje ei hjelpande hand når det trengs. Det øvast også på å dele, turtaking, hjelpe kvarandre og vi øver på å rydde etter oss. Vi ser allereie ein flokk med barn som så gjerne vil klare sjølv og som er snare å hjelpe kvarandre, og dei vaksne.

Turar i nærmiljøet:

Vi vil gå turar i nærmiljøet, både i skog, mark, og langs vegen. Nokre gongar går vi med heile gruppa og andre gongar i mindre grupper. Her leggast det vekt på at barna skal gå sjølv og at dei vaksne skal være til stades med ei hand å halde i, oppmuntring og trøyst når det trengst og tid til å undre seg over det vi møter på vår veg.



Heffalomptoppen:

På Heffalomptoppen er det kjekt å være. Her kan vi være ute, eller bruke hyttene om vi har lyst til det. Her ligg det verkeleg til rette for å trene både grov og finmotorikk. Dette er ein plass der barna yndar å være, leike med vatn, gå på oppdagingsferd eller berre sitje på trappa å nyte utsikta. På Heffalomptoppen har vi ikkje dei vanlege leikene, her får barna bruke fantasien og råmateriale. Dette er ein annan type læringsmetode og eit stimuli for borna som er særskild viktig.

Samlingsstunder:

Vi har samlingsstund kvar dag, dette vert ca. kl. 10.45. Dagtavle brukast aktivt, kva har vi gjort så langt, kva skal vi gjere resten av dagen, kva dag er det, månad, årstid og kva kle treng vi? Vi syng saman, fortel / leser bøker, gjerne med konkretar. Det er herleg å sjå gleda og innlevinga barna har i både songar og fortellingar.

Bursdagar vert feira med ei eiga samling der bursdagsbarnet er i fokus. Kona kjem på hovudet og dagens mat er bestilt av jubilanten. I år kan dei velje mellom pizza med grov botn og heimelaga tomatsaus, grove lunsj vaflar eller grove rundstykke. Vi syng bursdagssong, skyt opp «rakettar», fortel ei lita historie, mm.



LEIK

Leiken er noko av det viktigaste i barnehagen. Leik og læring går hand i hand, og vi er opptatt av å legge til rette, og skape rom for den gode leiken. Leiken har sin eigen verdi, den gir rom for fantasi, utforsking og meistring. Leiken skapar trivsel og kan fremme venskap. Rammeplanen for barnehagen, som er vår «rettesnor», seier mykje om leik og korleis legge til rette for den i barnehagen. Vi skal ivareta barnas behov for leik og la leiken få ein sentral plass i barnehagen. Leiken skal være ein arena for utvikling, læring og sosial og språkleg samhandling. Ved å organisere rom, tid og det som barna har til rådighet kan vi inspirere til ulike typar leik. Det er viktig å fremje eit miljø der alle barn kan delta i leiken og få erfare glede. Dei vaksne skal være der barna er, på golvet og hjelpe om det trengst. Når vi er til stades i barnas leik kan vi også delta i leiken og gjere den meir verdifull på barnas premisser. Ein kan tilføre leikemateriale, føre leiken vidare eller støtte om det oppstår uenigheiter.

Mål :

- Dei vaksne skal legge til rette for variert leik både ute og inne.
- Dei vaksne skal være til stades i barnas leik, slik at dei kan føre leiken vidare og støtte om det oppstår uenigheiter.



Sosial kompetanse

Sosial kompetanse er noko det arbeidast kontinuerleg med gjennom året, kvart år. Vi brukar opplegget frå «Være saman», der vi blant anna møter Regnbueløva. Vi oppmuntrar borna til å vise forståing, empati og til å vere gode med kvarandre, trøyste, dele og hjelpe kvarandre. Barna rosast ved gode gjerningar og dei vert oppmuntra til godheit og å hjelpe kvarandre i konfliktsituasjonar. Vi vil også sette fokus på dei ulike kjenslene sint, lei seg, glad, overraska og redd. Her vil vi ta i bruk bøker og plansjar frå opplegget og vi vaksne prøvar å være gode rollemodellar sjølve.

Mål:

- Borna skal få rettleiing og oppmuntring til å sette ord på følelsar.
- Borna skal få hjelp til å handtere egne følelsar i ulike situasjonar.
- Personalet skal legge til rette for glede og meistring i kvardagen.
- Personalet skal streve etter å være autoritative vaksne og gode rollemodellar.



Språk og ASK

Barnehagen er opptekne av korleis språk påverkar alle sider ved barnet si utvikling. Det vert lagt vekt på viktigheita av god språkstimulering i løpet av barnehagekvardagen. Dette gjer vi ved å ha aktivitetar som fremjar kommunikasjon og språkutvikling. Dette kan være dei gode, opne, samtalene med ein vaksen eller andre barn, bøker, song og den viktige leiken. Vi i barnehagen skal også anerkjenne og verdsetje barnas ulike kommunikasjonsuttrykk og språk. ASK kan brukast på ulike måtar og vi brukar det t.d. på dagtavla i samlingsstunda. Tavla har symbol som viser gongen i dagen, kva dag det er i dag, månad og årstid, og kva vi skal ha på når vi skal ut for å leike. Personalet bruker Ask snor med bilete som barna kan bruke for å vise oss og kommunisere med. Vi bruker temaplakatar med ulike songar som vert brukt i det daglege på avdelinga.



Mål:

- Dei vaksne skal være gode språklege rollemodellar, og legge til rette for aktivitetar der alle barna får bruke språket sitt
- Arbeide bevisst med lesing på avdelinga
- Dei vaksne på avdelinga skal gjere bruken av ASK til ein naturleg del av det daglege livet på avdelinga.
- Barna skal kjenne igjen symbol og teikn som vert brukt.

Forteljarongar

I år vil ulike forteljarongar vere fellestema for heile barnehagen. Vi jobbar med ein ny song kvar månad som t.d. Blåbæturen og Teddybjørnens vise. Historiene i forteljarongane er spennande og unike. Det byr på mykje refleksjon, undring og spennande samtaler. Vi synast det er viktig å børste støv av nokre av dei kjekke forteljarongane vi har og litt av kulturarven vi har med oss. Vi vil vidareformidle songane gjennom forteljing, formingsaktivitetar, samlingsstund og turar. Her er det mykje spennande å gripe fatt i.

Mål:

- Borna skal få kjennskap til ulike forteljarongar gjennom song, forteljing, og ulike aktivitetar.
- Forteljarongane skal bidra til refleksjon, undring og spennande samtaler ilag med borna.
- Personalet skal legge til rette for at songane får plass i det daglege og vert presentert på ulike måtar som bidreg til ei vidare forståing av historia i songane.





Avdeling Tigergutt 4-6 år

På Tigergutt er vi ein kjekk gjeng med 24 barn. Gruppa vi kallar klubbarar er på ti barn, og spirane er fjorten barn.

Det er forholdsvis stor utskifting av gruppa dette året, så vi har brukt dei første månadane til å verte kjent med kvarandre. Barna er svært gode til å leike, og det er mykje energi i gruppa. Å leike er noko av det barna er aller best på. Dei går inn og ut av nye roller, og dei får ut masse energi. Dei må også forhalde seg til menneska dei har rundt seg. Dei får då utvikle tette venskap med gode relasjonar og vi legg til rette for god sosial utvikling.

Vi kjem til å dele gruppa kvar dag. Delingane vil skje på føremiddag, og nokre gongar på ettermiddag. To av dagane i veka er barna delte i grupper kalla klubbarar og spirane. Vi kjem til å nytte avdelinga, kjøkkenet, ute og hytta på toppen for å fordele oss. Dei andre dagane har vi aldersblanda grupper som vi kallar Sjøstjerne og Kråkebolle. Vi har gode erfaringar med slike delingar. Vi kjem nærmare kvarandre både store og små, leiken vert ofte god og nye relasjonar vert knytte på tvers av alder.


Vi gler oss til eit gøy og spennande år ilag!

Dagsrytme:

07.00-08.30	Frukost
07.00-09.15	Frileik
09.15-11.15	Delte grupper/aktivitet/tur/samling
11.15	Lunsj
12.00-14.15	Uteleik
14.15	Hemmelighet/fruktmåltid
14.30-17.00	Leik ute eller inne, barnehagen stenger

Vekerytme:

Måndag:	Sjøstjerne og Kråkebolle (Tema, tur) Delte grupper
Tysdag :	Klubb - Ute (eigen plan) Spirane – Inne
Onsdag :	Sjøstjerne og Kråkebolle (Tema, tur) Delte grupper Førskulebading (to gongar pr.mnd)
Torsdag:	Klubb – Inne - Skuleførebuande aktivitetar Spirane (Tur, Heffalomptoppen, uteleik)
Fredag:	Sjøstjerne og Kråkebolle (Tema, tur) Delte gruppe



Sosial kompetanse

Sosial kompetanse er også i år det overordna temaet vårt, og det er felles for heile barnehagen. Dette er noko vi jobbar med i kvardagen, og også gjennom teamarbeid og samlingar. Då er målet at alle skal føle seg sett i gruppa, at vi alle er ein del av eit fellesskap og at vi må respektere kvarandre på trass av skilnadar. Det er viktig at vi som vaksne er gode rollemodellar overfor barna og kvarandre.

Gjennom gruppedeling er det enklare for barna å skape tettare band og knyte vennskap. I små grupper er det og meir rom for at dei vaksne kan observere og hjelpe barna i lek og konflikhtar. Vi jobbar for å førebygge mobbing og utestenging, og fremje vennskap og deltaking gjennom å legge til rette for den gode leiken. Vi ynskjer å vere ei støtte for barna og gi dei ei god sosial kompetanse som kan vere til nytte no og i framtida. Vi vaksne i barnehagen jobbar heile tida for å vere ein autoritativ vaksen i arbeidet med barna. Ein autoritativ vaksen er varm og bygger gode relasjonar samtidig som ein set grenser og stiller krav til barna.

Programmet Være saman (sjå verksemdsplanen s.13) bruker vi på denne måten:

Samlingar: Vi vil nytte plansjar med bilde og ulike tema. Desse plansjane gir eit godt utgangspunkt for gode samtalar med barna, og det gir rom for både refleksjon og filosofering.

Song og musikk: Synge, lytte og bruke musikken til bøkene. Songane speglar igjen, og forsterkar ofte temaet vi har lest om.

Regnbueløva: Den skal få vere med oss på samlingane. Løva skal vere ei hjelp for den vaksne til å strukturere samtalan med borna. Løva har også ei løvelov som handlar om korleis vi skal vere mot kvarandre.



Mål:

- Alle skal føle seg sett i gruppa
- Alle skal føle seg som ein del av fellesskapet
- Vi skal kunne respektere kvarandre og øve på å sette våre egne behov til side



Forteljarsongar

Vi skal i år jobbe med ulike forteljarsongar frå Egner og Prøysen. Det finst så utruleg mange fine og gode songar, og vi har lyst til å plukke fram nokre av desse. Vi har valt songar som fortel ei heil historie, og vi skal ta for oss ein song i månaden som vi går djupare inn i. Vi har starta med «Blåbærturen» av Alf Prøysen, og det er ein kjempekjekk song både å synge, lytte til og dramatisere.

Nokre av songane er det også laga musikkvideo/film til, og dei vil vi nytte.

Vi skal fortsette med fellessamlingar der kvar avdeling har ansvar for å presentere månadens song. Vi håpar dette vil fenge både store og små, og ser stor verdi i å formidle desse fine songskattane våre.

Mål:

- Å gi barna kjennskap til barnekulturen vår med desse songskattane
- Å vise at ein song har eit innhald, betydning og ei historie
- Å bruke songane og musikken som metode for å lære nye ord og begrep



Sjølvstendigheit

Vi vil jobbe vidare med å ha fokus på sjølvstendigheit i barnehagen. Vi ser at barna på Tigergutt kan vere svært sjølvstendige, og dette er med på å gi dei god meistringsfølelse. Det er difor viktig å gi dei tid og rom, slik at dei kan få øve seg og oppleve meistring når dei greier nye ting. Vi som vaksne må støtte, oppmuntre og rettleie borna frå sidelinja.

Mål:

- Alle skal få meistre nye ting utifrå sine eigne forutsetningar.



Årstider

Vi vil fokusere på namnet på årstidene og kva som skjer med naturen og omgivelsane gjennom alle dei fire årstidene. Vi vil at barna skal få sjå og oppleve kva som skjer i løpet av eit år. Vi vil fylgje med og sjå korleis ting endrar seg. Kva skjer med trea og blomstrane gjennom årstidene? Kva insekt og krypdyr finn vi i skogen når våren kjem? Korleis er vêret i dag?



Mål:

- Borna skal ha kjennskap til namnet på dagane, månadane og årstidene når året er slutt
- Lære barna kva som kjenneteiknar dei ulike årstidene

Språk/ Lesing/ Ask

Det er viktig å ha eit variert og godt språkmiljø som gir barna rikeleg med høve til aktiv bruk av språket. Gjennom språket har barn moglegheit til å påverke sine omgivnader og vere ein del av eit fellesskap. Vi vil prøve å legge til rette for gode språklege arenaer gjennom språkleik både i stor og lita gruppe.

Vi er opptatt av at barna skal bli sett og høyrte, at vi skal gi dei tid og rom til å delta i ein samtale, og at dei skal få bruke språket aktivt. Barna er glade i å lese bøker, og vi håpar å få tid til lesegrupper.

Vi nyttar ASK når vi samlar oss til morgonmøte før vi deler oss i grupper. På dagtavla har vi symbol for dagane, månadane, årstidene, veret, kva kle vi skal ha på oss og symbol for dei ulike aktivitetane som dagen inneheld. Eit barn får vere «Dagens hjelper» og er då med på å henge opp dei ulike symbola.

Vi har ulike plansjar på avdelinga som seier noko om tema, overgangar og sosial kompetanse.

Mål:

- Dei vaksne skal øve seg på å nytte symbola i naturlege situasjonar der det er nokon som har behov for det.
- Barna skal kjenne igjen symbol



HEFFALOMPKLUBB

Heffalomplubb er eit førskuletilbod vi har for 5 åringane her i Sirlihaugen barnehage. Her ynskjer vi å førebu barna på skulegang gjennom leik og læring . Det er ein god arena å øve seg på å verte litt meir sjølvstendig, og lære å ta omsyn til andre rundt seg. Samtidig er dette eit tilbod barna ser fram til gjennom heile barnehagetida.

I år fell Heffalomplubb på dagane tirsdag og torsdag.

I år skal vi implementere ein felles plan for førskulegruppene i barnehagane i Herøy. Område vi skal fokusere ekstra på er Kommunikasjon og Språk, Sosial kompetanse og erfaring med lesing. (sjå planen neste side)

Torsdagane brukar vi dagen på leikprega læring og vi har fokus på å lære å ta enkle beskjedar.

Vi jobbar med ulike oppgåver for ei kort periode, og vi trenar på høgtlesing utan bilete.

Aktivitetane torsdag finn som regel stad inne på avdelinga.

Tirsdagane er den store klubbdagen, og den startar vi med eit morgonmøte der vi går gjennom det som skal skje. Vi vel også to minisjefar. Dei får vere med på alt frå å gå fremst på tur, eksperiment, lage bål, til å passe på at reglar blir følgde. Vi held enten til på Heffalomptoppen eller går på tur. Målet vårt er at dagen og turane skal gi borna gode og spennande fellesopplevingar. Vi ønskjer at dei skal oppleve glede ved å ferdast ute og opparbeide seg sosial kompetanse gjennom samarbeid med dei andre på gruppa. Vi jobbar også med å verte meir sjølvstendige utover året. Ofte lagar vi lunsj på bålet, då oppmodar vi alle til å smake på/ete ulik mat.

To onsdagar i månaden blir det bading for førskulegruppa. Det er Sunnmørsbadet som står for symjeopplæringa.

RUSSEFEIRING

Rosarussefeiringa er som regel høgdepunktet i løpet av året for dei fleste klubbarane. Dette blir ei markering på at dei er størst i barnehagen. Kjekke aktivitetar høyrer med, som for eksempel: russeturar, kosekveld i barnehagen, russehue, russekort, russerop og russestrekar. Det er berre å gle seg.

Vi håpar at store og små skal få eit kjempekjekt år ilag



Dagsrytma vår på torsdag ser omtrent slik ut:

-9.15 Morgenmøte

-9.30 Vi kler på oss og går ut

-10.00 På toppen eller på tur

-Aktivitetar

-Samling

-Eksperiment

-14.00 Hemmelegheit på

Heffalomptoppen før vi går ned igjen.


Nokre av aktivitetane vi skal i løpet av året:

- Turar i fjøra, på fjellet og i skogen.
- Lære om naturen, miljøvern, årstider, været, og frukt.
- Vikingtida
- Eksperiment
- Verdensromet
- Russetid

Barnehagen skal legge til rette for at dei eldste barna har med seg erfaringar, kunnskapar og ferdigheiter som kan gi dei eit godt grunnlag og motivasjon for å byrje på skulen (Kunnskapsdepartementet, 2017, s.33)

Barnet (erfaringar, kunnskapar og ferdigheiter det skal jobbast mot)	Aktive og utforskande barn	Personalet i barnehagen (arbeidsmetodar)
Kommunikasjon og språk - Omgrepsforståing - Samtalen - Forteljarkompetanse - Alternativ og supplerande kommunikasjon (ASK) Sosial kompetanse - Sosiale ferdigheiter og meistringstrategiar - o Inkludering - o Sjølvregulering - o Samspel, kommunikasjon og merksemd - o Vente på tur - o Lytte til kvarandre Erfaringar med lesing - Erfaringar med språk og tekst gjennom lek, undring og utforsking - Oppleve glede rundt ulik litteratur 	Kommunikasjon og språk - Leike seg med språket (stavingar, rim, regler, munnmotorikk, lytte ut lydar...) - Medverke i samtale, tørre å ta ordet og stille spørsmål - Øve på å samtale og gjenfortelje - Øve på turtaking - Øve på å bruke ASK som støtte Sosial kompetanse - Oppleve at det er trygt å prøve og feile - Meistringstru - Oppleve glede i lesestund, vere deltakande og undre seg gjennom leseopplevinga - Leik - Spel - Bordaktivitetar med vaksenstøtte Erfaringar med lesing - Daglege leseopplevingar - Barna får medverke i val av bøker - Bruke bøker sitt innhald i lek - Oppleve ulike lesemetodar - Leike med bokstavar, skrive og lage dei på ulike måtar - Rim, songar og regler, Lage egne rim og historier - Tankekart til ord og omgrep - Møte ulike skriftspråktrykk, som leikeskriving, teikning og bokstavar - Utvide fantasien sin, fabulere med språket	Kommunikasjon og språk - Språkleg rollemodell - Inkludere og invitere til samtalar i språkstimulerande aktivitetar - Legge til rette for mange og rike erfaringar med ord og omgrep - Nytte ASK aktivt - Skape felles erfaringar for barna med felles songar, rim og regler (lik ABC-song også i 1.klasse) Sosial kompetanse - Støtte barna til å uttrykke kjensler, tankar og meininger - Legge til rette for motivasjon, inkludering og meistringstru - Organisering av grupper, miljø og aktivitetar Lesing - Gi barna gode og varierte opplevingar med lesing - o Variere språkform og formidling (høgtlesing, forteljing, dramatisering...) - o Gi rom for lesestopp og å undre seg saman - o Samtale om innhaldet - Engasjerte, oppmuntrande og inkluderande vaksne - Repetisjon - Stimulere til rolleleik gjennom litteratur

Barna i Herøy kommune lærer gjennom lek, undring og utforsking i skapande aktivitetar



Saman i barnehagen

I barnehagen vår veks små steg til store spor,
her lærer vi om livet – om venskap og om ord.

Vi lyttar til kvarandre, vi syng og vi ler,
i lek og i kvardagen lærer vi kven vi er.

Språket får flyge, og tankane gror,
når vi lyttar til kvarandre, blir verda litt stor.

Med musikk og med glede, med fantasi og smil,
finn vi tryggleik i fellesskap – og glede i kvart smil.

For livet i barnehagen er meir enn lek og læring,
det er starten på alt – på varme, tru og næring. 

Chat gpt